

Søkar	Prosjekt	Prosjektskildring	Vurdering	Søknad -sum	Tilrådd tilskot
Sogndal kommune	Indre Sogn Friluftsråd	<p>Sogndal kommune har tidlegare teke initiativ til å opprette Indre Sogn Friluftsråd, den gangen via Sogn Region råd. Prosjektet frå den gang fekk ikkje midlar til oppstart, da prosjektrapporten ikkje greidde å syne godt nok kva fordelar som ligg i å opprette eit friluftsråd. Sogndal kommune meiner at det no er grunnlag for å jobbe mot å opprette eit friluftsråd på nytt.</p> <p>Det er ønskeleg å opprette ei 100% prosjektstilling som vil jobbe med å realisere Indre Sogn Friluftsråd i samråd med omkringliggende kommunar.</p>	<p>Det vil vere positivt å få oppretta eit friluftsråd i indre Sogn, da dette vil vere med på å styrke satsinga på friluftsliv i regionen. Dei geografiske avstandane til dei eksisterande friluftsråda sine verkeområde er store og det synast derfor hensiktsmessig å opprette eit nytt friluftsråd.</p> <p>Det er i Sogndal kommune spelt inn eit budsjettbehov på 500 000 kr for oppretting av ei prosjektstilling innan friluftsråd. I søknaden er det budsjettet med kommunale prosjektmidlar på minimum 250 000 kr og søknaden innfrir dermed kravet om 30% eigenfinansiering.</p> <p>Sogndal kommune har fått positive signal frå nabokommunar om deltaking i eit interkommunalt friluftsråd. Det er likevel ikkje fatta nokke politisk vedtak i omkringliggende kommunar om oppretting av eit friluftsråd. For å realisere eit friluftsråd i Indre Sogn er det naudsynt med eit betre kunnskapsgrunnlag som synar kva eit slikt friluftsråd vil innebere for kommunane.</p> <p>Søknaden frå Sogndal prioriterast høgt da eit nytt friluftsråd i Indre Sogn vil kunne ha store positive ringverknadar for friluftslivet i regionen. Det opplevast å vere ei stor vilje i Sogndal for å etablere eit friluftsråd og med eit godt forarbeid verkar det sannsynleg at dei og skal få med ein eller fleire omkringliggende kommunar.</p> <p>Då det truleg vil krevje ein god del utgreiingsarbeid for å etablere eit nytt friluftsråd, tilrådest det å tildele Sogndal halvparten av dei tilgjengelege tilskotsmidlane. Førsett at det avsettest kommunale midlar, vil det da vere økonomi til å tilsette ein dedikert person i ei prosjektstilling.</p>	350 000	225 000
Bergen og	Utgreie deltaking i	BOF har fått førespurnad frå to kommunar om deltaking i friluftsrådet (Voss og Gulen). BOF	BOF er eit godt organisert friluftsråd med lang erfaring. Å få med Gulen og Voss og evt. andre kommunar i BOF,	364 849	165 000

omland Friluftsråd (BOF)	BOF frå nye kommunar	<p>ønsker og å ta høgde for å inkludere 3 andre kommunar som reknast som aktuelle medlemskommunar ut frå geografisk plassering.</p> <p>BOF vil nytte prosjektmidlane til intern utgreiing og arbeid i dei aktuelle kommunane. Dei legg m.a. opp til to dagars arbeidsmøte med kommunane.</p>	<p>vil medføre ei styrking av drift og forvaltning av friluftsområda i desse kommunane. BOF har gode føresetnadar for å kunne avgjere kva som krevst for at desse kommunane skal kunne inkluderast i friluftsrådet.</p> <p>Voss har ønskje om at deltaking i BOF skal utgreiast. I Gulen er det gjeve politiske signal om at deltaking i BOF er ønskeleg. I BOF er det fatta eit positivt styrevedtak om å utgreie ei innlemming av Voss og Gulen i friluftsrådet. På bakgrunn av dette verkar det sannsynleg at Gulen og Voss, etter eit utgreiingsarbeid, kan bli nye medlemskommunar i BOF.</p> <p>BOF budsjetterer med 30% eigenandel i utgreiingsarbeidet.</p> <p>Søknaden frå BOF prioriterast høgt, da det verkar sannsynleg at Gulen og Voss vil kunne inkluderast i friluftsrådet. Det tilrådest å tildele BOF 165 000 kr. Denne summen vurderast å vere tilstrekkeleg for at friluftsrådet skal kunne avsette ressursar til å jobbe fram eit naudsynt kunnskapsgrunnlag for å tilby Voss, Gulen og evt. andre kommunar eit medlemskap i BOF.</p>		
Fjordane friluftsråd (FF)	Promotering nye kommunar og fagleg utvikling friluftsliv	FF ynsker å reorganisere friluftsrådet slik at dei får fagleg kapasitet til å tilby medlemsskap for potensielle nye kommunar. FF ønsker å promotere friluftsrådet til aktuelle nye kommunar og vil tilsette ein ny friluftsrådsgjevar.	<p>Som eit nyoppstarta Friluftsråd (oppstart i 2020) treng FF ressursar for å kunne promotere seg sjølv og rekruttere nye medlemskommunar. Å få med fleire kommunar i FF vil styrke friluftsrådet og satsinga på friluftsliv i regionen.</p> <p>Ved å tilsette ein friluftsrådsgjevar vil friluftsrådet kunne jobbe meir målretta mot det å få med fleire medlemskommunar. Det kjem imidlertid ikkje fram frå søknaden korleis ei slikt stilling er tenkt finansiert, utover ved eit evt. tilskot frå fylkeskommunen. Det er og uklart kor stor del av denne stillinga som er tenkt til det å jobbe for å få med fleire medlemskommunar.</p>	260 000	60 000

			<p>Det ikkje er fatta vedtak i aktuelle medlemskommunar om at det skal jobbast med å bli med i FF, men friluftsrådet har hatt ein dialog om medlemskap med Sunnfjord kommune.</p> <p>Søknaden frå FF prioriterast lågare enn søknadane frå BOF. Dei fleste tiltaka det søkast midlar til vurderast å ikkje i tilstrekkeleg grad å vere direkte knytt opp mot det å rekruttere fleire medlemskommunar. Dette gjeld m.a. reorganisering, arbeid med utlysing av ny stilling og oppdatering av webside og informasjonsmateriale. FF søker om 60 000 kr til å promotere friluftsrådet for aktuelle nye medlemskommunar. Det tilråddast å tildele FF denne summen.</p> <p>Søknaden til FF innfrir ikkje kravet om 30 % eigenfinansiering i forhold til beløpet det er søkt om. Ved tildeling av tilrådd sum vert det føresett at FF vil avsette 30% eigenfinansiering til tiltaket det er søkt til.</p>		
Sum				974 849	450 000